

# Møteprotokoll

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Ænes kyrkje og Kvinnherad rådhus

**Dato:** 02.06.2016

**Tidspunkt:** 10:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Solfrid Borge	Medlem	Ullensvang herad
Jon Larsgard	Medlem	Jondal kommune
Siri Klokkerstuen	Medlem	Etne kommune
Benthe Bondhus	Medlem	Hordaland fylkeskommune
Leif Sverre Enes	Medlem	Kvinnherad kommune
Roald Aga Haug	Medlem	Odda kommune

## Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerar

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerar

## Merknadar

## Frå administrasjonen møtte:

Astrid B. Haavik Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 8/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/16	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 10/16	Framlegg - Delegering av forvaltingsmynde etter nye vedtekter		2016/2843
ST 11/16	Endeleg prioritering av tiltaksmidlar for 2016 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016		2016/2843
ST 12/16	Framlegg - Kjøp av tenester - vurdering av sårbarhet i Folgefonna Nasjonalpark		2016/2843
ST 13/16	Framlegg - Møtegodtgjersle		2016/2843
DS 8/16	Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om motorferdsel med helikopter- Vatnastøl		2016/4369
DS 9/16	Vedtak - Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Espeland - Buerstølen - Bruk av snøscooter i perioden 2016 - 2020 - Bjørn Buer		2016/2229
DS 10/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra		2016/4210
DS 11/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel til transport av salt og saltsteinar til beiteområder kring Fagradalsfjellet		2016/2798
DS 12/16	Søknad om forlenging av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espeland - Grønsdalsstølen - Ormannshaug - Bruk av snøscooter - Steinar Grønsdal		2015/16100
DS 13/16	Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsle - Bruk av helikopter for transport av feltmateriell til vedlikehald av uthus - Mosdal - Are Gram Økland		2016/3511
DS 14/16	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av teknisk anlegg		2016/6150
Ymse	Synfaring på Ænes Rutine for godkjenning av protokoll Oppretting av rådgjevande utval Rutine for ugilde		

## **Ymse**

### **Synfaring på Ænes**

Møtet starta med ei synfaring på Ænes der det er planlagt ei ny parkering som kan brukast som innfallsport for Ænesdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Det vart orientert om plan og framdrift for parkeringa.

#### **Rutine for godkjenning av protokoll**

Nasjonalparkstyret er einige om å lage ein rutine for godkjenning av protokollar frå styremøte og møte i arbeidsutval. Protokoll vert sendt ut på e-post til alle frammøtte og skal aktivt godkjennast. Fristen for å godkjenne vert sett til tre dagar. Etter at protokoll er godkjent vil den vere offentleg og bli lagt ut på <http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/>.

#### **Opprettning av rådgjevande utval**

I vedtekten for Folgefonna nasjonalparkstyre er det krav om at styret skal opprette eit rådgjevande utval.

Frå vedtekten:

#### **«9. RÅDGIVENDE UTVALG**

*Styret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området, som bl.a. grunneiere, reindriften andre særlig berørte offentlige organer som for eksempel friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner, bl.a. natur- og miljøorganisasjoner og lignende. Nasjonalparkstyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»*

Forvaltar legg fram dette som sak i neste møte der det er fokus på korleis rådgjevande utval er utforma i andre nasjonalparkstyrer og korleis dei rådgjevande utvala er med på forvaltinga av verneområda.

#### **Rutine for ugilde**

Ved utsending av innkalling og saksliste skal medlemmane gå gjennom sakene og ved tilfelle der ein er ugild i store deler av sakene må ein informere forvaltar slik at vara kan verte innkalla.

**ST 8/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

**Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart einstemmig godkjent.

**ST 9/16 Underskrift av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

**Vedtak**

Protokoll frå møte 15. mars 2016 vart godkjent og underskrive.

## **ST 10/16 Framlegg - Delegering av forvaltingsmynde etter nye vedtekter**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Styret gjev nasjonalparkforvaltaren myndighet til å handsama saker etter verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsreglar og nokre særskilte saker etter § 48 i naturmangfaldlova.

Verneforskrifta sine spesifiserte dispensasjonsregler for ferdsel og motorferdsel er:

- *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 5 og 6.
- *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 4 og 5.
- *Forskrift om vern av Ånesdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 4 og 5.
- *Forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 4 og 5.
- *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* § 3 punkt 4 og 5.

Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der :

- Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadane er tilnærma uendra.
- Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/arbeidsutvalet i tilsvarende saker
- Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtekten for Folgefonna nasjonalparkstyre av 15.08.2015 punkt 6.2.

Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny behandling i styret/arbeidsutvalet.

## **ST 11/16 Endeleg prioritering av tiltaksmidlar for 2016 - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Folgefonna nasjonalparkstyre gjorde ein endeleg fordeling av midlar til tiltak i Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda rundt nasjonalparken.

Leif Sverre Enes og Benthe Bondhus erklærte seg ugilde i saka jamfør forvaltingslova § 6 a) og b) og deltok ikkje i handsaminga.

## **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre har valt å prioritere fysiske tiltak som er moglege å gjennomføre i 2016. Fleire gode tiltak har blitt sett på vent til dei er nærmare å kunne gjennomførast.

Oversikt over kva for tiltak som er tildelt midlar i år og kor mykje styret løyver til dei:

Verneområde	Skildring	Budsjett
<b>Folgefonna NP/ Ænesdalens LVO</b>	Innfallssport Ænes. Parkering infotavle og velkomstportal	500 000
<b>Folgefonna NP</b>	Resterande skilting av Buførevegen/Pilegrimsvegen	25 000
<b>Folgefonna NP</b>	Restaurering av Ridestien Tokheimslia. Setje opp vardar slik det var planlagt i 2002	100 000
<b>Buer LVO</b>	Uttak av gran langs stien til Reinanuten i Buerdalen	100 000
<b>Buer LVO</b>	Rydding og vedlikehald av turstien inn til breen etter ras, trefelling og andre naturskader	70 000
<b>Bondhusdalen LVO</b>	Midler til skjøtsel og vedlikehald av turveg i Bondhusdalen landskapsvernombord	50 000
<b>Bondhusdalen LVO</b>	Restaurering av Gardshammarvegen	50 000
<b>Hattebergsdalen LVO</b>	Oppgradering av tursti langs Hattebergfossen. Del 1: Uttak av gran	100 000
<b>Folgefonna NP+LVO</b>	Bestille oppdrag: Naturfagleg vurdering av sårbarhet i verneområda	65 000
<b>Folgefonna NP+LVO</b>	Spørjeundersøking ved besøksmål	15 000
<b>Sum</b>		<b>1 075 000</b>

## **ST 12/16 Framlegg - Kjøp av tenester - vurdering av sårbarhet i Folgefonna Nasjonalpark**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

#### **Handsaming i møte**

Einstemmgjort vedtak.

## **Vedtak**

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å gje oppdraget til Utmarksressurs AS med dei rammene som er sett i tilbod og bestilling av oppdrag.

## **ST 13/16 Framlegg - Møtegodtgjersle**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.06.2016**

## **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte, der forvaltar legg fram ulike løysingar for møtegodtgjersle som dei ulike nasjonalparkstyra nyttar.

**DS 8/16 Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om motorferdsel med helikopter- Vatnastøl**

**DS 9/16 Vedtak - løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Espeland - Buerstølen - Bruk av snøscooter i perioden 2016 - 2020 - Bjørn Buer**

**DS 10/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport til Krokasætra**

**DS 11/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel til transport av salt og saltsteinar til beiteområder kring Fagradalsfjellet**

**DS 12/16 Søknad om forlenging av løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espeland - Grønsdalsstølen - Ormannshaug - Bruk av snøscooter - Steinar Grønsdal**

**DS 13/16 Løyve - Folgefonna nasjonalpark - Motorferdsle - Bruk av helikopter for transport av feltmateriell til vedlikehald av uthus - Mosdal - Are Gram Økland**

**DS 14/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av teknisk anlegg**